

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Reis i vest / Nasjonal standard for elektronisk billettering

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet ber om at Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet i det vidare arbeidet med handbok 206 om elektronisk billettering (kontinuerleg) vurderer dei praktiske, konkrete konsekvensane for systemutviklinga ut i fylka slik av vi får ein eintydig kravspesifikasjon som sikrar full interoperabilitet mellom systema i dei ulike fylka.

Samferdselsdepartementet må medverke økonomisk for å få til løysingar som sikrar regional og i prinsippet nasjonal interoperabilitet – ein føresetnad for eit kundevenleg billetteringsystem. Ettersom dagen handbok 206 gjev rom for at fylke, ut frå formelle krav til anskaffelser og andre vurderingar, endar ut med ulike leverandørar og at det nå i etterkant viser seg at krava i handbok 206 ikkje sikrar full interoperabilitet, må Samferdselsdepartementet her ta ansvar og bidra.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn

Det blir nå gjort viktige avklaringar i høve til nasjonal standard innan elektronisk billettering!

Det er etter vår vurderinga at fylkeskommunane, NSB, Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet samarbeider for å få til løysingar som gjev kunde- /brukarvenlege løysingar. Samarbeidet er også viktig for å få til løysingar innanfor økonomisk forsvarlege rammer.

I forhold til Vestland fylke viser vi har til tidlegare vedtak i samband med "Reis i vest prosjektet".

Problemstilling

Dei ulike fylke gjennomfører, eller skal gjennomføre, anskaffelsesprosessar for elektroniske billetteringssystem. Handbok 206 om elektronisk billettering er grunnlaget for den tekniske kravspesifikasjonen for nye system. Fylke vil ut frå formelle krav til anskaffelsar og andre vurderingar kunne ende ut med ulike systemleverandørar. Innkjøp av eit elektronisk billetteringssystem er av eit omfang som tilseier ordinære opne anbudsprosessar.

Det viser seg nå at krava i handbok 206 ikkje sikrar full interoperabilitet ("full utveksling") mellom ulike tekniske system.

Fylke seg i mellom, både på Vestlandet og elles i landet, har eit godt samarbeid. Det er likevel eit heilt klart behov at Samferdselsdepartementet, som har samordningsansvaret, bidreg til å:

- ❑ Vidareutvikle handbok 206 til ein eintydig kravspesifikasjon slik at ein unngår manglande interoperabilitet når nye fylke startar sine anskaffelsesprosessar.
- ❑ Bidra økonomisk til å dekke dei kostnadene for å få til full interoperabilitet for dei systema som er under anskaffelse.

Då fylke gjekk i gang med sine anskaffelsesprosessar forventa dei at handbok 206 (som er Samferdselsdepartementet sitt ansvar) var så eintydig at slike problem ikkje skulle oppstå.

Fylke har lagt mykje arbeid og ressursar i å få til godt samordna og kundevenlege takstsystem som kan fremme kollektivtrafikken. Det er difor naturleg at Samferdselsdepartementet nå bidreg til å løyse dei utfordringane som har oppstått, både i høve til å få ein eintydig kravspesifikasjon og økonomisk.